



Sudmann Gård og Maskin
v/Roar Sudmann
Hjelten 16
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/688 - 15/18473

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
09.10.2015

Mangel- Søknad om tillatelse til massedeponi på gbnr 1/1 på Flatøy

Det vert vist til Dykkar søknad om massedeponi på gbnr 1/1 på Flatøy journalført 10.4.2015. Tidlegare løyve til tiltaket gjekk ut 1.4.2013, administrasjonen kan ikkje forlenga eit byggjeløyve som er gått ut. Tiltaket krev ny søknad etter Plan- og bygningslova (Pbl) § 20-1 bokstav k, for å kunne ferdigstillast. Tippen er inndelt i seks områder (ref. situasjonskart merka: *Jordtipp Flatøy status pr. 8 juni 2010*). I innsendt søknad opplyser tiltakshavar at det er felt 3 og 4 som gjenstår for å kunne ferdigstillast tiltaket. Søknaden inneheldt ikkje tilstrekkeleg med opplysningar for at administrasjonen kan handsame søknaden og administrasjonen ber om at følgjande dokumentasjon vert innsendt:

- Sudmann Gard & Maskin har søkt om tiltaket. Det ligg ikkje føre søknad om ansvarsrett for firmaet, og firmaet har ikkje sentral godkjenning for SØK funksjonen. Det må sendast inn søknad om ansvarsrett for SØK. Er ikkje føretaket sentral godkjent for ansvarleg søkjar funksjonen, må det sendast inn søknad om lokalgodkjenning, jf. Pbl § 22-3.
- Det må sendast inn søknad om ansvarsrett for PRO og UTF. Skal nokon av ansvarsrettane omsøkjast av firma som ikkje har sentral godkjenning, må det søkjast om lokalgodkjenning for føretaket. Det skal leggjast med tilstrekkeleg dokumentasjon som viser at føretaket har kompetanse innanfor ansvarsområde dei søker lokal ansvarsrett for jmf. Pbl Kap. 23.

Det er ikkje lagt ved gjennomføringsplan for tiltaket. Det vert vist til *Plan- og bygningslova Kap 21. Krav til innhald og behandling av søknader*. Administrasjonen viser til tidlegare korrespondanse med tiltakshavar i utgåande brev datert 12.3.2015, samt synfaring administrasjonen hadde med tiltakshavar 15.9.2015. Det må gå fram av gjennomføringsplanen når tiltaket er ferdig. Vegutbygginga til Statens vegvesen og Implenia har ferdigstilling høsten 2016. Tiltakshavar har opplyst at delar av området er beslaglagt av vegvesen i anleggsperioden, og at omsøkt tiltak ikkje kan ferdigstillast før utbygginga er ferdig.

- Utbygginga til Implenia må difor takast med i planlagt ferdigstilling for jordtippen. Og gjennomføringsplanen må utarbeidast/planleggast ut i frå når vegprosjektet er ferdig. Kommunen vil gje ein endeleg godkjenning av massedeponiet, og forlenging av løyve vil ikkje gis.

- Det må sendast inn situasjonskart og terrengprofilar med koter av tiltaket. Det må gå fram kor mykje påfylling som er pårekeleg i høgde og mengde, og over kor stort areal som gjenstår.
- Det skal gå fram av situasjonskartet at tiltaket er sikra mot avrenning.
- Tiltaket må nabovarslast etter Pbl § 21-3. I nabovarselet skal det gå klart fram kva som er omsøkt, tiltaket gjeldt ferdigstilling av eit påbegynt tiltak. Det er gått tid sidan tiltaket første gang var godkjent, og det er skjedd endringar i prosjektet. Administrasjonen har vurdert at naboar og gjenboerer må varslast på nytt. Ta kontakt med kartavdelinga for å få oppdatert naboliste.
- Administrasjonen gjer Dykk merksam på at dersom tiltaket går utanfor tillat arealformål, må det søkjast om dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen.

Administrasjonen informerer tiltakshavar om at arbeidstid som var fastsatt i DNT- vedtak 156/11 skal følgjast fram til eventuelt nye blir sett, når nytt vedtak føreligg:

«Arbeidet må på steinuttaket gå føre seg på kvardagar mellom 07.00-16.00. Arbeid på jordtippene på kvardagar mellom 07.00-20.00.» Arbeid i direkte tilknytning til vegutbygginga til Statens vegvesen, skal følgja same arbeidstidene som Statens vegvesen har.

Dykkar søknad vert på denne bakgrunn vurdert som mangelfull og vert difor lagt i ventarkiv i påvente av at manglande dokumentasjon vert innsendt. Når søknaden er komplett vil saka verte teke fram til ordinær handsaming. Kommunen held seg rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom sakshandsamar finn dette naudsynt ved nøyare gjennomgang.

Gebyr for kommunen si handsaming av føreliggjande søknad vert ettersendt, jf. Pbl. § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningstjeneste (Gebyrregulativ 2015) pkt. 10.2.10 («Mangelfull sak m/ meldig til søker»). Etersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det blir krevd gebyr- eller over storleiken på gebyret- jf. Forvaltningsloven §§ 3, 28 og 40. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Eventuell klage skal vera grunngitt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

FAKTURAVEDLEGG 2015

Mottakere:

Sudmann Gård og Maskin

v/Roar Sudmann 5918

FREKHAUG

